



HardingTokt 2017: ei ferjereise Hardanger – Bergen

Ferda:

Ei musikalsk og historisk reise frå Hardanger til Bergen, ei bru mellom hardingane og byfolket og ein musikalsk bru mellom Hardanger musikkfest til Festspela i Bergen. Tematikken er innovasjon gjennom musikk og historie.

Bakgrunn:

M/F Hardingen har sigla si siste rute og har mёнstra av rutetabellane i Hardanger. Samstundes kjem M/F Hardingen sr attende til Noreg etter 25 år i eksil. Statens Vegvesen v/Nasjonale turistvegar etterlyser meir satsing på ferja i reiselivssatsinga i Hardanger. Ei kraftfull prosjektgruppe ynskjer å manifestera ferja som ikonisk farty på fjorden gjennom ei tokt på fleire dagar med aktivitetar og arrangement om bord for fleire målgrupper. Til sist skal toktet enda i Vågen i Bergen med eit storslege tingingsverk med ferja som instrument som skal udøyeliggjera ferja.



M/F Hardingen sr – sentrum og arena for aktivitetar under HardingTokt 2017



FESTSPILLENE
I BERGEN



Olav H. Hauge-senteret

Prosjektet freister kominera det beste frå ulike aktørar i regionen.

Prosjektgruppe:

Prosjektleiar: AK Glück-Teigland, dagleg leiar Bygdagnist AS og prosjektleiar Hardanger åtgaum

Komponist: Gisle Martens Meyer, elektronisk komponist


Produsent: Stig Lundblad-Sandbakk

Ferjeconnosieurar: Fjord 2/Det Midthordlandske Dampskibsselskab AS

Medarrangørar: Hardanger musikkfest, Festspela i Bergen, Haugesenteret, Hardanger og Voss Museum

Formell prosjekteigar er Bygdagnist AS og arrangementet vert tematisert og marknadsført gjennom Hardanger åtgaum.

Det føreligg avtalar mellom initiativtakarar og medarrangørar,




Ugress i kjent scenepositur, som eletronisk connosieur med scenevenlege effektar!

Ejer ein
HARDING

Program:

Programskisse HardingTokt 2017		
Dato	Aktivitet	Stad
Onsdag 31 mai	DKS (Den kulturelle skulesekk) for ungdomskulane i Eidfjord, Granvin og Ulvik	Ulvik
	Tema:	
	Ferjehistorie	
	Rockens historie 1928 - 2016, frå Robert Johnson til Iron Maiden	
	Musikkformat, festivaldrift og konsert på Trolltunga	
	Riff i rocken, ein musikalsk temavandring frå blues til heavy metal	
	Haugesenteret: Kjærleik og lyrikk. Frå Love Boat til HardingTokt	Ulvik
	Kveldstokt: Ulvik - Lofthus	Fjorden
Torsdag 1. juni	DKS for Ullensvang og Odda	Lofthus
	Vigsle og brureferd på Hardangerfjorden	Fjorden
	Innlemma arrangement Hardanger Musikkfest	Lofthus
	Intimkonsert på ferja med servering av sveler til fiffen	Fjorden
	Natt-tokt: Lofthus - Norheimsund	
Fredag 2. juni	DKS for Kvam og Jondal	Norheimsund
	Hardanger Fartøyvernsenter: Kveldstokt med foredrag	Fjorden
Laurdag 3. juni	Kl 0900: Tokt Norheimsund - Vågen	Fjorden
	Kl 1600: Hardingane hærtek Byfjorden med larm	Byfjorden
	Kl 1700: Barnekonsert: Ugress kids	Vågen
	Kl 2100: Framføring tingingsverk	Vågen
	Kl 2145: Ugress	Vågen
	Kl 2230: DJ Yacht Club	Vågen



Eg er ein
HARDING



Moderne brureferd i Hardanger gjennom prosjektet HardingTokt 2017!

Historie:

Soga om sjøvegen mellom Hardanger og Bergen går attende til 1869 då dampskipet D/S Hardangeren vart bygt for rederiet Interessentskabet Hardangeren. Skipets første kaptein var Kaptein Helge Aga som og var initiativtakaren til skipinga av selskapet. Skipet var det første skipet i flåten til Hardanger Sunnhordlandske Dampsibsselskap (HSD) og var i deira eige frå 1880 til 1950.

Kaptein Helge Aga var fødd i Agatunet i ein familie som hadde nær tilknyting til sjø og jaktfart. Han tok styrmannsutdanning og vart 29 år gammal tilsett av Brunschorst og Dekke som styrmann på Dampskipet Vøringen som starta ferdsle på Hardanger dette året. Kort tid etterpå var han vorten kaptein på same båten. Litt seinare meiner eg han var kaptein på Dampskipet Bjørnen som og gjekk på Hardanger. I denne perioden var han og ei av drivkreftene, ja somme meiner og hovedkrafta, i å etablera Interessentselskapet for Dampskipet Hardangeren. Liknande var han ei drivkraft for å etablera HSD der han så vart skipsførar på den legendariske Vøringen. Der var han til han slutta av etter 40 år mest utan ferie og få fridagar.

Museet Agatunet har brevkassen hans. Broren Johannes var kaptein i utanrikfart og var den som testamenterte grendahuset Sagatun til Agagrenda. Då huset var bygt var det like mykje pengar att som dei hadde brukt på huset. Difor er det også både kunst og sølvstøy som høyrer til Sagatun. Huset og løa i tunet der desse karane voks opp er i dag freda. Helge Aga var farbror til bestemor til noverande dagleg leiar på økomuseet Agatunet, Guttorm Rogdaberg.

Ferja Hardingen vart bygd i 1966 og gjekk i skyss for HSD fram til 1991. Då vart den sold til eit italiensk rederi. I 2016 vart den kjøpt att av Fjord2 og siglar no i norsk farvatn med norsk flagg. Velkommen heim!



M/F Hardingen gjekk ut av trafikk i Hardanger i 2015. Foto: Wikipedia





Tingingverket:

Verket vert framført på ferja under fart på fjorden, av orkester og PA installert ombord på ferja. Fergen fungerer både som scene, og som eit sentralt instrument i orkesteret.

Me anser verket som eit komplekst teknologibasert og multimedialt prosjektverk, med to hovud-delar: Eit ferje-orkester, og eit kultur-orkester, med ein komposisjon som snittmessig sett vil falla mellom gruppe C og D i antal stemmer. Stemmene er planlagt fordelt som følgjande:

Ferje-orkester: Elektronisk og digitalt preparerte ferje-instrument, samt sanntids-basert ferje.

Dei digitale instrumenta vert framført live av datamaskin, i sync med ferje og kultur-orkester.

1 stemme ferje perkusjon

1 stemme ferje bass

1 stemme ferje rytmisk-melodisk

4 stemmer ferje harmonisk-melodisk

1 stemme ferje sanntid solo (fløyte, tåkelur, etc)

Kultur-orkester: Sanntid live framføring av band og musikarar på ferjer

1 stemme trommer / perkusjon

1 stemme bass

1 stemme blackmetal gitar

1 stemme langeleik

1 stemme hardingfele

1 stemme elektronikk

1 stemme solo vokalist

4 stemmer kor

Totalt 19 stemmer. Verket skal fremførast utandørs over lengre avstandar, fleire av stemmene vil difor ofte verka synkrone. Verket vil både ha pop- og riff-basert repetisjon, og komplekse lyd- og harmonibaserte sekvensar. Me plasserer difor verket i øvre del av klasse C, og med ein tiltenkt lengde på ca 45 minuttar, og anslår komposisjonshonorar til kr 250 000.


**Budsjett:**

Post	Sum	Merknad
DNKF (Bestillingsverk)	250000	Omsøker støtte honorar komposisjon
Kulturråd (Bestillingsverk)	325000	Omsøker støtte honorar musikere
FFUK	100000	Omsøker støtte produksjon
FFLB	100000	Omsøker støtte produksjon
Hordaland Fylkeskommune	150000	Omsøker kulturmidlar
Bergen Kommune	50000	
Sponsormidlar	100000	
Billettinntekter	250000	
Hjartebank for Hardanger	100000	Tildelt
SUM	1425000	

Kostnadar

Post	Sum	Merknad
Komposisjonshonorar	250000	Gisle Martens Meyer
Framføringshonorar	325000	Komponist og 12-besetningsorkester
Teknisk produksjon	250000	Lyd, lys, PA, backline
Hotell og reise	25000	
Marknadsføring	50000	Digital og trykk
Produsentkostnad	100000	Stig Lundblad-Sandbakk
Prosjektadministrasjon	150000	Bygdagnist AS Døgnleige + mannskap (kaptein, maskinsjef, styrmann og matros)
Ferjekostnad inkl mannskap/tryggleik	175000	
Dokumentasjon	100000	Filmcrew
SUM	1425000	

RESULTAT**0**



Hardanger og Voss Museum

D/S Hardangeren frå 1869, året kor soga starta. Foto: Anders P. Wallevik /Hardanger og Voss Museum



Den 52,3 meter lange farkosten M/F Hardingen sr skal udøyeleggjerast!

Eger ein
HARDING



Kontaktinfo:

AK Glück-Teigland
Tlf 91394506
ak@bygdagnist.no



Fjorden er vegen og ferja er arenaen for HardingTokt 2017. Foto: AK Glück-Teigland



M/F Hardingen sr er komen heim. Foto: AK Glück-Teigland

Tjer ein
HARDING

HARDING *Tokt*

Er ein
HARDING